




EMBAJADA DE MEXICO

Tekst: Solveig Kavli  
Layout: Pedro Vásquez

 Universitetsbiblioteket i Bergen 2006



# MIODOTTI TINA

## Tina Modotti; Blikkfangar i det nye Mexico

Fotografen Tina Modotti blei fødd i Udine, Italia, i 1896. I 1913 emigrerte famillien hennar og ho til USA. Karrieren hennar gikk frå å arbeide på fabrikk, til å sy kjolar, til å vere modell og vakker stumfilskodepelar i Hollywood; til ho til slutt tok kameraet i sine eigne hender, og flytta til Mexico.

I 1920talets Mexico blir Tina Modotti saman med fotografen Edward Weston ein del av det intellektuelle miljøet der kunstnarar som Diego Rivera, Xavier Guerrero og Frida Kahlo inspirerer kvarandre.

Bileta hennar fortel historia til det postrevolusjonære Mexico. Bakgrunnen hennar frå arbeiderklassa gjer at ho lett sympatiserer med det meksikanske folket. Gjennom kameralinsa avdekkar ho ei veksande optimisme. Her blir revolusjonen brukt til å revitalisere den aztekiske arva. Mexico er ikkje lenger eit einmannsprosjekt, styrt av ein diktator. Det er ideane til frigjeringa, den første zapatisørsla, arbeidarane og den indianske arven som er i fokus.

Utstillinga vi viser dekkar perioden frå 1923 til 1927.

Bileta hennar viser kvardagslivet til det meksikanske folket. Modotti fortel historia om arbeidarane og bevisstgjeringa dei opplever i den nye tida. Bileta hennar har eit politisk innhald og er ei blanding av reportasjefoto og estetikk. Som fotograf går Modotti tett innpå kvinnene, og vi får eit nært bilete av kvinna som arbeider, som mor og som deltakar i den politiske agendaen i Mexico.

Modotti døyr i Mexico by i 1942. Tina Modotti har gjennom sitt blikk foreviga ideologien om frigjering av Mexico, av arbeidarane, og av kvinna.

Universitetsbiblioteket takkar den meksikanske ambassaden i Danmark for utlån av Modottis bilete.

### Tina Modotti

Tina Modotti, hermana, no duermas, no, no duermes.  
Tal vez tu corazón oye crecer la rosa  
de ayer, la última rosa de ayer, la nueva rosa.  
Descansa dulcemente hermana

La nueva rosa es tuya, la nueva tierra es tuya:  
te has puesto un nuevo traje de semilla profunda  
y tu suave silencio se llena de raíces.  
No dormirás en vano, hermana.

Puro es tu dulce nombre, pura es tu frágil vida.  
De abeja, sombra, fuego, nieve, silencio, espuma  
de acero, línea, polen se construyó tu férrea,  
tu delgada estructura.

El chacal a la alhaja de tu cuerpo dormido  
aún asoma la pluma y el alma ensangrentada  
como si tú pudieras, hermana levantarte,  
sonriendo sobre el lodo.

A mi patria te llevo para que no te toquen,  
a mi patria de nieve para que a tu pureza  
no llegue el asesino, ni el chacal, ni el vendido:  
allí estarás tranquila.

¿Oyes un paso, un paso lleno de pasos, algo grande  
desde la estepa, desde el Don, desde el frío?  
¿Oyes un paso firme de soldado en la nieve?  
Hermana, son tus pasos.

Ya pasarán un día por tu pequeña tumba  
antes de que las rosas de ayer se desbaraten,  
ya pasarán a ver, los de un día mañana,  
dónde está ardiendo tu silencio.

Un mundo marcha al sitio donde tú ibas, hermana.  
Avanzan cada día los cantos de tu boca  
en la boca del pueblo glorioso que tú amabas.  
Tu corazón era valiente.

En las viejas cocinas de tu patria, en las rutas  
polvorrientas, algo se dice y pasa,  
algo vuelve a la llama de tu dorado pueblo,  
algo despierta y canta.

Son los tuyos, hermana: los que hoy dicen tu nombre,  
los que de todas partes, del agua y de la tierra,  
con tu nombre otros nombres llamamos y decimos.  
Porque el fuego no muere.

Pablo Neruda  
Residencia en la Tierra

### Tina Modotti

Tina Modotti, syster, du sov ikkje, du sov ikkje.  
kanskje høyrer hjarta ditt at rosa veks,  
den frå i går, den siste rosa i går, den nye rosa.  
Kvil utan kvaler syster.

Den nye rosa er di, den nye jorda er di:  
du har tatt på deg ei ny drakt av djupnefro  
og di milde togn vert fylt med røter.  
Du skal ikkje sova til fånyttes, syster.

Reint er ditt milde namn, reint er ditt skøyre liv.  
Av bic, skugge, eld, sno, togn, skum,  
av stål, line, pollen vart den herda og  
gramvaksne beinbygningen din laga.

Sjakalen syner enno i smykket av den sovande kroppen din  
fram fjøra og den blodande sjela  
som om du skulle kunna, syster, reisa deg opp  
og smila over gjorma.

Til fedrelandet mitt fører eg deg for at dei ikkje skal røra deg,  
til mitt fedreland av sno for at reinleiken din  
ikkje skal bli rørt av drapsmannen, sjakalen eller svikaren:  
der skal du vera i fred.

Høyrer du steg, steg fulle av andre steg, noko stort  
frå steppene, frå elva Don, frå kulden?  
Høyrer du faste soldatsteg i snøen?  
Syster, det er dine steg.

Dei skal nok gå ein dag over den vesle grava di  
for rosene frå i går visnar burt,  
dei skal nok gå alt i morgon for å sjå, framtidsstega,  
den staden der togn di brenn.

Ei heil verd går til staden der du gjekk, syster.  
Kvar dag stig songen frå munnen din  
frå folkedjupet, frå munnen til folket du hadde kjær.  
Djervt var hjarta ditt.

I dei gamle kjøken i heimlandet ditt, på dei dumbute  
vegane vert noko sagt og ordet går,  
noko vender heim til elden åt det glødde folket ditt,  
noko vaknar og syng.

Det er dine eigne, syster: dei som no seier fram namnet ditt,  
dei er allstad frå, frå vatnet og frå jorda,  
Med ditt namn teier me og talar me om andre namn.  
For elden døyr ikkje.

Pablo Neruda  
Residencia en la Tierra  
Til norsk ved Jon Askeland